

Innkalling
av
Administrasjonsutvalet

Møtedato: 22.03.2018
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 09:00 - 10:00

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395 eller per epost til maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Saksliste:

- 001/2018 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 002/2018 Godkjenning av møtebok
- 003/2018 Auke i stillingsheimel for hjelpepersonell ved Masfjorden legekantor
- 004/2018 Auke i stillingsheimlar i teneste for funksjonshemma, Svingen bu- og avlastning
- 005/2018 Kompetanseutviklingsplan for skulane 2018-19
- 006/2018 Evaluering av forsøk med 6 timars plantid for pedagogar i barnehagane

15. mars 2018

Karstein Totland
møteleiar

Maud Sleire Holmaas
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		18/150

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2018	Administrasjonsutvalet	PS	22.03.2018

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		18/150

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2018	Administrasjonsutvalet	PS	22.03.2018

Godkjenning av møtebok

32T

Journalposttittel

Protokoll - Administrasjonsutvalet - 12.09.2017

Dato

18.09.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:



Møteprotokoll for Administrasjonsutvalet

Møtedato: 12.09.2017
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 10.00 - 10.45

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Utvallsleiar
Torill Torsvik Størkersen	AP	Nestleiar
Frode Langhelle	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Britt Inger Myhr		Arbeidstakar repr.
Ørjan Valestrand		Arbeidstakar repr.

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og personalkonsulent Maud Sleire Holmaas som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
012/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
013/2017	Godkjenning av møtebok
014/2017	Retningslinjer for bruk av bil i kommunale tenester
015/2017	Prosjektmandat for å vurdere samarbeid mellom NAV Masfjorden og NAV Gulen
016/2017	Referatsak

012/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

12.09.2017 ADMINISTRASJONSUTVALET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AU - 012/2017 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

013/2017: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

12.09.2017 ADMINISTRASJONSUTVALET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AU - 013/2017 VEDTAK:

Møtebok frå administrasjonsutvlaet 13.06.17 vert godkjend.

014/2017: Retningslinjer for bruk av bil i kommunale tenester

Rådmannen sitt framlegg:

Retningslinjer for bruk av eigen bil i teneste, bruk av kommunale bilar og føring av reiserekning blir godkjent slik den ligg føre.

12.09.2017 ADMINISTRASJONSUTVALET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AU - 014/2017 VEDTAK:

Retningslinjer for bruk av eigen bil i teneste, bruk av kommunale bilar og føring av reiserekning blir godkjent slik den ligg føre.

015/2017: Prosjektmandat for å vurdere samarbeid mellom NAV Masfjorden og NAV Gulen

Rådmannen sitt framlegg:

Prosjektmandat for å vurdere samarbeid mellom NAV Masfjorden og NAV Gulen blir godkjent slik den ligg føre.

12.09.2017 ADMINISTRASJONSUTVALET

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka. Det er gjort nokon mindre endringar i teksten i prosjektmandatet etter at det vart sendt ut til administrasjonsutvalet. Markert med raudt.

Bakgrunn og forankring

På felles partnerskapsmøte mellom NAV Sogn og Fjordane , NAV Gulen - NAV Hordaland , NAV Masfjorden og Rådmann og kommunalleiar sosial i både Gulen og Masfjorden kommuner den 16.08.2017, vart ein samd om å gjennomføre ei utgreiing for å vurdere om det er mogeleg å etablere eit felles avdelingskontor for NAV Gulen og NAV Masfjorden på nordsida av Fensfjorden, **med mål om at arbeidet skal føre fram til ny partnerskapsavtale.**

Prosjektet skal greie ut;

- Fordelar og ulemper , samt mogelege effektar av alternativ organisering av NAV kontora i Gulen og Masfjorden.
- **Administrasjon og leiging av NAV kontor i høve stat og kommune.**
- **Forslag til kommunale og statleg tenesteinnhald på NAV kontor**
- Samarbeid med andre ; internt i NAV – Tenesteområde Nordhordland og andre interne NAV samarbeidspartar, kommunale tenester, eksterne samarbeidspartar
- Tilsette sin kompetanse
- Forslag til organisering av NAV Gulen og NAV Masfjorden, også som ein del av NAV Nordhordland.
- Økonomiske konsekvensar / utfordringar / fordeler.
- IKT – utfordringar på stat - og kommunedel av NAV.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak med endringar vart samrøystes vedteke.

AU - 015/2017 VEDTAK:

Prosjektmandat for å vurdere samarbeid mellom NAV Masfjorden og NAV Gulen blir godkjent med endringane som vart lagt fram i administrasjonsutvalet.

016/2017: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

12.09.2017 ADMINISTRASJONSUTVALET

Referatsak:

- Organisering av leiarstruktur på Masfjorden legekantor.

Orientering:

Økonomi- og personaleiar er for tida ute i langtidssjukemelding. Denne sjukemeldinga kom på eit sær sars ugunstig tidspunkt.

Vi er i gang med innføring av e-budsjett og det er økonomi- og personaleiar som har kunnskap og ansvar for dette.

Vi er og i gang med prosjektet, Visma samordning. Dette er eit prosjekt for å få ein felles struktur i Nordhordland på dei enkelte delane som ligg i systemet som vert nytta innan økonomi og HRM.

Administrasjonsutvalet kom innspel på at ein bør sjå på rekruttering innan økonomi og personal, og eventuelt dele dei to funksjonane.

AU - 016/2017 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

**Rett utskrift av møteprotokoll frå administrasjonsutvalet den 12.09.17 vert
vitna:**

Karstein Totland
ordfører

Torill Torsvik Størkersen
varaordfører

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FE - 030	18/82

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2018	Administrasjonsutvalet	PS	22.03.2018
019/2018	Formannskapet	PS	22.03.2018
	Kommunestyret	PS	

Auke i stillingsheimel for hjelpepersonell ved Masfjorden legekantor

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stillingsheimel for hjelpepersonell ved Masfjorden legekantor blir auka med 30% fast stilling frå 01.04.18

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden legekantor har behov for å auke stillingsheimel for hjelpepersonell med 30%. Dette på grunn av effektivitet og oppgåver som skal løysast. I 2017 tilsette Masfjorden legekantor ALIS lege i 100% stilling, noko som har bidrege til høgare effektivitet og fleire pasientbehandlingar. Det er og krav og føringar som ligg til grunn for betre oppfølging og koordinering av pasientar med langvarige og kroniske sjukdomar.

Fakta

På legekantoret er det tilsett sjukepleiar i 100% stilling, som også har overtatt det administrative ansvaret for legekantoret. I tillegg har legeknoterte 2 bioingeniør i til saman 150% fast stilling. Frå 01.09.2017 – 01.04.18 har kommunen hatt eit ekstra engasjement på 30% stilling for hjelpepersonalet. Totalt har stillingsressursen i denne perioden vore 2,8 årsverk, der 2,5 årsverk er fast tilsett.

Vurdering

Legetenestene er under endring, og legetenestene får fleire nye oppgåver på same tid som ein skal effektivisere tenestene gjennom teknologi og nye samarbeidsformer. Det er og fleire krav i høve lov og forskrift som skal følgjast opp som til dømes; dokumentasjon, internkontroll, kurs og opplæring i akuttmedisin. Dette krev endring og utvikling av tenester gjennom ordinær drift, men og som prosjekt. Bemanninga som har frå 01.09.17 har vore naudsynt for å handtere fleire pasientar,

utviklingsarbeid, prosjekt, ferie m.m.

Konklusjon

Stillingsheimel for hjelpepersonell ved Masfjorden legekantor blir auka med 30% fast stilling frå 01.04.18.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FE - 030	18/82

Saknr	Utval	Type	Dato
020/2018	Formannskapet	PS	22.03.2018
004/2018	Administrasjonsutvalet	PS	22.03.2018
	Kommunestyret	PS	

Auke i stillingsheimlar i teneste for funksjonshemma, Svingen bu- og avlastning

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stillingsheimlar i teneste for funksjonshemma v/ Svingen bu- og avlastning blir utvida frå 10 årsverk til 13 årsverk frå 01.05.18.

Finansiering:

- 1 årsverk er innarbeida i budsjett 2018, på grunn av engasjement stillingar.
- 2 årsverk blir finansiert gjennom omprioritering av ressursar frå Masfjorden sjukeheim, og innarbeida i budsjett.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Teneste for funksjonshemma v/ Svingen bu- og avlastning har auke i søknader om avlastning og utviding av eksisterande tilbod.

2 brukarar har søkt og fått innvilga utviding av helgeavlastning i 2017. Det er engasjert tilsette mellombels i desse tiltaka, men det er behov for fast tilsetning fordi avlastningsbehovet er permanent.

1 brukar har søkt og fått utvida avlastningsopphald, etter at vidaregåande opplæring vart avslutta våren 2017. Det er i tillegg signalisert at ein vurderer å søkje om utviding av avlastningstilbodet i 2018.

1 brukar søkjer om utviding av avlastningstilbod på helg i 2018, i tillegg til ferie m.m. Dette tilbodet er under planlegging, der ein må rekruttere tilsette.

1 brukar søkjer om utviding av avlastningsopphald frå våren 2018 etter at vidaregåande opplæring vert avslutta. Tilbod om auka avlastning vert innvilga, og vil starte frå 01.07.18

Fakta

Tenestetilbud til funksjonshemma er aukande, fordi fleire av brukarane er på veg inn i voksen livet og har behov for meir etablerte bu- og avlastningstilbud. Dette er lovpålagte tenester og alle søknadar om avlastningstilbud/ butilbud er vurdert etter lov om helse og omsorgstenester.

I dag har Svingen bu- og avlastningsteneste ca. 10 årsverk i fast stilling, utanom nattevakt. Utifrå dei søknadar som er innvilga i 2017 og 2018 er det behov for å auke faste stillingsheimlar i denne tenesta til ca.13 årsverk

Vurdering

Tilbud om avlastning og bu- tilhøve for personar med funksjonshemming er regulert i lovverk. Dette gjer at kommunen ikkje har noko val i høve å gje tilbud til dei som søker, og får innvilga tenester. I tillegg er det ei utfordring å klare organisere ekstra avlastning på enkelt dagar, ferie og helgar gjennom året. I 2017 har kommunen engasjert tilsette i ca 1 årsverk for å løyse auke i tenestetilbud. Det er naudsynt at engasjement blir omgjort til faste stillingar, når behovet er fast.

Økonomisk:

1 årsverk er innarbeida i budsjett for 2018, gjennom engasjement stillingar.

2 årsverk blir finansiert gjennom budsjetttramma til pleie og omsorg. For å få til dette skal det vurderast ei omprioritering av ressursar, samt samkøyring av personalet med Masfjorden sjukeheim. Målet er å få til ei gradvis opptrapping av tilsette i desse stillingsheimlane, og gradvis reduksjon av stillingsheimlar på Masfjorden sjukeheim. Kommunen vil og vurdere korleis ein kan samkøyre og legge til rette forsvarleg drift av tenestene i PLO.

Masfjorden sjukeheim har ei høg grunnbemanning, som gjer at det kan vere mogleg å flytte tilsette over til Svingen bu- og avlastning. Utfordring for sjukeheimen er helgebemanning, og på grunn av at dei fleste tilsette har heiltidsstillingar fører dette til høg bemanning i vekedagane.

Kommune vil og vurdere om delar av stillingsheimlane kan dekkast inn gjennom tilskot med toppfinansiering av ressurskrevjande tenester. Det er usikkert kor mykje som kan finansierast gjennom dette, fordi det er signalisert at denne ordninga skal evaluerast. Det skal komme eit betre system for å rekne ut timebruk og løn til ressurskrevjande, men det er usikkert om eit nytt system vil bli til gunst eller ugunst for kommunen. Dei siste åra har endringar av denne ordninga vore til ugunst for kommunane, fordi innslagsnivået for tilskotet aukar kvart år, utover lønsvekst. I Fylkesmannen i Hordaland sitt notat til Stb. 2018 står det følgjande:

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2018 er basert på direkte lønsutgifter i 2017 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2018:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over inn-slagnivået.*
- Innslagnivået for å få kompensasjon blir auka per brukar frå kr. 1,157 mill. til kr. 1,235 mill. for netto utgifter i 2017. Det inneber ein auke på kr. 50.000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2017 (2,4 prosent).*
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2018 skal kommunane*

inntektsføra i sine rekneskap for 2017. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore. Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget. (Fråtrekket i 2017 er kr 655 000,-)

Konklusjon

Stillingsheimlar i teneste for funksjonshemma v/ Svingen bu- og avlastning blir utvida frå 10 årsverk til 13 årsverk frå 01.05.18.

Finansiering:

- 1 årsverk er innarbeida i budsjett 2018, på grunn av engasjement.
- 2 årsverk blir finansiert gjennom omprioritering av ressursar frå Masfjorden sjukeheim, og innarbeida i budsjett.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 430	18/91

Saknr	Utval	Type	Dato
005/2018	Administrasjonsutvalet	PS	22.03.2018
021/2018	Formannskapet	PS	22.03.2018
	Kommunestyret	PS	

Kompetanseutviklingsplan for skulane 2018-19

32T

Journalposttittel

Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden 2018-19 (70928)

Dato

01.03.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden for 2018-19 vert vedteken slik han ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok ein fireårsplan for kompetanseutvikling i skulane i møte 28.04.2016, sak 24/2016. Planen skal rullerast årleg i samband med søknadsfristen på statlege midlar til vidareutdanning. Med bakgrunn i det har rådmannen laga framlegg til plan for skuleåret 2018-19.

Høyring

Rådmannen har sendt utkastet til plan ut til rektorane og Utdanningsforbundet.

Fakta

Dei siste åra har Masfjorden årleg hatt 2 lærarar på vidareutdanning i prioriterte fag. Kommunar av vår storleik vil i utgangspunktet få statlege midlar til å vidareutdanna ein lærar årleg, men sidan ikkje alle komunar nyttar kvoten sin fullt ut, har det vore mogleg for oss utdanna fleire. I budsjettet for 2018 har me sett av kr 250000. Det er nok til at to lærarar kan få vidareutdanning.

Vurdering

Masfjorden har vore fullt med på og hatt stor nytte av fireårsplanane «Strategi for etter- og vidareutdanning» som vår satsing på etter- og vidareutdanning har bygd på.

§ 10-8 i Opplæringslova slær fast at: «Skoleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skoleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med sær oppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling»...

Den vedlagde kompetanseutviklingsplanen skal ivareta dette aspektet.

Kommunestyret sa i sak 6/2010 at «for å betra resultata i basisfaga skal ein prioritera vidareutdanning i norsk, matematikk og engelsk for heile grunnskulen.»

Kva fag våre lærarar har fått vidareutdanning i frå ordninga kom i gang, og kva fag skuleeigar vil prioritera komande skuleår, går fram av sjølve planen.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunestyret vedtek kompetanseutviklingsplanen for skuleåret 2018-19 slik han ligg føre.

Notat

Til
Kopi til:

Saksbehandler: Rådgjevargruppa/Alf Magnar Strand
Vår referanse: 18/91 - 1 / FE - 430
Dato: 01.03.2018

Emne: Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden 2018-19

Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden for perioden 2016-19 vart vedteken av kommunestyret i møte 28.04.2016, sak 24/2016.

Staten, KS og lærarorganisasjonane har gått saman om ein strategi som skal styrka den faglege kompetansen til lærarane.

Denne statlege satsinga på kompetanseheving for lærarar kjem til uttrykk i desse dokumenta: **Kompetanse for kvalitet, Strategi for vidareutdanning for lærere og skoleledere frem mot 2025** frå september 2015 og **Informasjon til skoleeiere om vidareutdanning for lærere 2018-19**, datert 17.01.2018.

I Kompetanse for kvalitet, underskrive av partane, står det at " Vi ønsker å styrke elevenes læring for at elevene skal være godt rustet for livslang læring, for fremtidig arbeidsliv og til aktiv deltakelse i samfunnet. Faglig og pedagogisk sterke lærere og kompetente og dyktige ledere er en nøkkel for å oppnå det.»

Det vil krevja vidareutdanning, altså kompetansegevande utdanning. Vidareutdanninga skal i fyrste rekkje målrettast mot fagområde og emne som det på landsbasis er behov for å styrka. Partane snakkar om eit varig system for vidareutdanning.

Det har dei siste åra vore ei nedtrapping på midlane til etterutdanning (altså utdanning som ikkje gjev formell kompetanse i form av studiepoeng) til fordel for vidareutdanning.

Frå og med hausten 2017 er det ei endring på dette. Frå no av vil Fylkesmannen få overført ein større sum frå staten til etterutdanning. Midlane skal brukast til å få til eit samarbeid mellom kommunane og lærarutdanningsinstitusjonane. Staten vil med etterutdanningsmidlane ha "som mål å øke lærernes kompetanse gjennom etterutdanning på prioriterte fag og områder". Nordhordland kompetanseregion arbeider for tida, i samarbeid med HVL, NLA og Universitetet i Bergen, med å prioritera kva me har bruk for etterutdanning i dei næraste åra. Tilpassa opplæring, med særleg vekt på læringsutbyte for elevane vert mest truleg eit sentralt satsingsområde i åra framover. Så må dette konkretiserast. Analysekompetanse for lærarar djupnelæring og vekt på grunnleggande ferdigheiter er to område me ser trong for å skulera lærarar i.

Vidareutdanning:

Midlane til vidareutdanning for skuleåret 2018-2019 skal i følgje styringsdokumenta fyrst og fremst gå til desse faga: Norsk, matematikk og engelsk.

Deretter prioriterer ein søknader i realfag frå realfagskommunar. Det er sett av særskilte midlar til vidareutdanning i praktisk-estetiske fag. Det er og høve til å prioritera andre fag ut frå lokale behov. Då må lærarane sjølv søkja studieplass innanfor det vidareutdanningstilbodet som høgskulane/universiteta gjev.

Kommunestyret har tidlegare sagt at basisfaga norsk, matematikk og engelsk skal prioriterast. (sak 6/2010). Det samsvarar då med den nasjonale satsinga. Spes.ped og rådgjeving er to andre område der det er bruk for meir kompetanse hos oss.

Det sentrale studietilbodet har eit omfang på 30 studiepoeng over to semester. Dette er tilbod som vert gjeve ved høgskular og universitet over heile landet. Studia vil i stor grad vera nettbaserte slik at studentane kan arbeida heimanfrå. Det er i tillegg lagt opp til nokre veke- og/eller helgesamlingar.

Lærarar som tek vidareutdanning kan velja mellom to modellar:

1 Vikarordninga: læraren studerer i 37,5% av full stilling og får full løn. Staten dekkar vikarutgiftene.

2 Stipendordninga: Læraren kan få eit statleg stipend på inntil 110000 for å ta 30 studiepoeng.

Stipendet er skattepliktig. Så langt er det berre vikarordninga som har vore brukt hjå oss.

Staten dekkar 75 % av vikarutgiftene for lærarar som vil ta vidareutdanning i matematikk og naturfag og 60% for lærarar som vil ta andre fag. Kommunen og arbeidstakaren tek resten av kostnaden.

Staten yter kr 192000 pr. student pr. studieår til dekking av vikarutgifter i vanlege fag, men 240000 til vidareutdanning i matematikk og naturfag . Kommunen må dekkja 96000 kr pluss reisekostnader og læremiddel. Læraren kan arbeida tre dagar for veka og studera i 2 dagar.

Lærarane søkjer på nett. Rektor prioriterer søknadene etter kva behovet er på eigen skule.

Søknadene som kjem inn frå lærarane, vert vurderte av rektor og rådmannen saman med HTV og sende vidare i prioritert rekkefølge til Utdanningsdirektoratet.

Kartlegging av kompetanse

Frå og med hausten 2015 har kommunen registrert kor mange lærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava for å undervisa i faga engelsk, matematikk og norsk, men som likevel underviser i faget. Tala som viser stoda, finn ein i GSI-registreringa frå sist haust.

Barnesteget

Fag	30 studiepoeng eller meir	Under 30 studiepoeng
Engelsk	3	2
Matematikk	5	2
Norsk	9	5

Ungdomssteget

Fag	60 st.p eller meir	30-60 st.p	Under 30 st.p
Engelsk	4	1	0
Matematikk	4	2	1
Norsk	4	2	0

Til våren vil me sidan ordninga kom i gang ha gitt slik vidareutdanning:

Skule	Matematikk	Naturfag	Mat og helse	Norsk	Fransk	Engelsk	Spes.ped
Matre	2		1 (60 stp)	1			1
Nordbygda	2 (30/60 stp)			2	1		
Sandnes	1 (60 st.p)	1 (60 stp)		1 (60 stp)		1	1

Rådmannen går inn for følgjande prioritering:

- 1 Matematikk
- 2 Spes.ped
- 3 Rådgjeving
- 4 Norsk
- 5 Andre framandspråk
- 6 Engelsk
- 7 Musikk
- 8 Kunst og handverk

Rådgjevar/sosiallærar er ein svært viktig funksjon på skulane. På grunn av alder blir det skifte av rådgjevar ved to av skulane frå hausten 2018. Etterutdanning eller vidareutdanning for rådgjevar må difor prioriterast høgare enn før.

Frå statleg hald vil Masfjorden kommune i utgangspunktet få dekkja vikarutgifter for ein lærar. Ut frå eige budsjett kan Masfjorden la 2 lærarar få vidareutdanning i 2018-19. Det samsvarar med det talet lærarar som årleg har fått vidareutdanning dei siste åra. Det er viktig å hugsa på at ordninga med gratis vidareutdanning skal vera eit "varig system for vidareutdanning for det pedagogiske personalet". Samstundes er det slik at dei som har allmennlærerutdanning har dispensasjon til å undervisa i fag dei eigentleg har for få studiepoeng i, fram til 2025. Me kan difor tenkja litt meir langsiktig når det gjeld oppbygging av kompetanse i lærarstaben.

Etterutdanning:

Her vil Masfjorden delta i den satsinga som kjem i gang i Nordhordland i samarbeid med universitet og høgskular. Som nemnt vil tilpassa opplæring, læringsutbyte, djupnelæring og analysekompetanse vera aktuelle område. Analysekompetanse vil særleg komma til nytte når lærarar skal dra lærdom av karteggingsprøvar og nasjonale prøvar.

I kompetanseutviklingsplanen for 2016-19 er følgjande etterutdanning prioritert:

- 1 Leseopplæring
- 2 Rekneopplæring
- 3 Klasseleiing
- 4 Spesialpedagogikk
- 5 Tilpassa opplæring
- 6 IKT
- 7 Utdanningsval
- 8 Valfag
- 9 Individuell etterutdanning

Skulane i Masfjorden var fram til jul 2016 i stor grad opptekne med skulering innan den statlege satsinga på ungdomssteget. Dette har vore skulebasert kompetanseutvikling på kvar skule, og me fekk rettleiing frå NLA. Arbeidet skal halda fram på kvar skule i åra framover, men rettleiing hadde me berre fram til årsskiftet 2017/18. Nokre av planleggingsdagane vil bli nytta til arbeid med tilpassa opplæring og klasseleiing.

I tillegg kan ein gjera seg nytte av dei kurstilboda som Nordhordland kursregion set i gang, både for lærarar og leiarar

Kartlegging av kompetanse:

Behovet for kompetanse vart kartlagt på skulane i samarbeid mellom rektor og tillitsvalde i 2016 i samband med kompetanseutviklingsplanen for perioden 2016-19. Nye krav i det som vil bli den nye læreplanen vil gjera det viktig å sjå på kompetansen på nytt før planen blir rullert om eit år.

ØKONOMI

Vidareutdanning:

«Strategi for vidareutdanning av lærere» legg opp til at staten skal dekke vikarutgifter med kr 192000 for vanlege fag og 240000 for matematikk og naturfag pr. 30 studiepoeng pr. skuleår. Kommunen går inn med fjerdeparten så mykje.

Masfjorden har studieplass for 2 lærarar våren 2018. Dersom me får plass for 2 lærarar hausten 2018, vil det kosta oss i alt 180000 kr pluss reiser og læremiddel. Det tilsvarer det som er budsjettert når me legg til 50000 i etterutdanning.

Etterutdanning:

Det er budsjettert med kr 50000 til etterutdanning i 2018. I tillegg har kvar skule ein sum til kurs og konferansar. I budsjettframlegget nedanfor er det rekna med same kommunale sum til etterutdanning dei to neste åra som for 2018.

BUDSJETT

	2018	2019	2020
Statlege tilskot	384000	432000	384000
Kommunal eigendel	250000	175000	250000
Sum	634000	607000	634000

Planen vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning .

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - A13	18/76

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2018	Administrasjonsutvalet	PS	22.03.2018

Evaluering av forsøk med 6 timars plantid for pedagogar i barnehagane

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ordninga med 6 timars plantid for pedagogiske leiarar i barnehagane held fram som ei permanent ordning. Barnehagelærarar i avdeling får 4 timar planleggingstid pr. veke frå og med barnehageåret 2018/19. I begge tilfella blir det sett inn personale til å dekkja den tida pedagogen har plantid.

Saksopplysningar:

Bakgrunn/ Fakta

Særavtalen SFS 2201 gjeld pedagogisk personale i barnehagar og SFO. Punkt 3.2 seier noko om arbeidstida: « Minst 4 timer i gjennomsnitt pr. uke av den ordinære arbeidstiden skal anvendes til planlegging, for- og etterarbeid for pedagogiske ledere/barnehagelærere».

Frå 1. januar 2017 vart det starta eit utviklingsarbeid med 6 timars planleggingstid for alle pedagogar i barnehagane i vår kommune. Dette var ei vidareutvikling av eit rekrutteringstiltak som vart sett i gang i 2014, der nytilsette pedagogar fekk 6 timars planleggingstid.

Før forsøket vart starta hadde pedagogane 4 timar planlegging i veka, fordelt med ein time kvar dag i 4 dagar. Det vart ikkje sett inn bemanning i avdeling for å erstatta pedagogen den tida ho var ute, og det vart såleis for lite bemanning i avdeling i plantida i høve til barnetalet.

I forsøktida har det vore sett inn bemanning for å dekkja den tida pedagogen har vore ute av avdeling. Slik har me unngått at det har vore for lite folk på avdeling i plantida.

Administrasjonsutvalet gjorde i møte den 13. juni 2017, sak 10/2017, følgjande vedtak: «Fristen for å evaluera ordninga med utvida planleggingstid m.m i barnehagane vert utsett til 15. januar 2018.» Den fyrste planen gjekk på at ordninga skulle evaluerast alt våren 2017, men det viste seg å verta for knapp tid.

Uttale

Det ligg no føre ei evaluering frå dei tre barnehagane, ført i pennen av styrarane. Utviklingsarbeidet med ekstra planleggingstid for alle pedagogar har vore evaluert undervegs på møta for pedagogiske leiarar og i avdelingsmøta i kvar barnehage.

Saka har òg vore drøfta på fleire styrarmøte, sist 29. januar 2018.

Tilbakemeldingane frå barnehagane er nokså samanfallande. Barnehagane er svært nøgde med effekten av utvida plantid og meiner det har ført til ei kvalitetsheving:

Betre kontinuitet i arbeidet på avdelinga sidan pedagogen har heile dagar/vakter i avdeling. Viktig at pedagogen blir erstatta av ein annan person i planleggingstida. Det fører til at det blir god stabilitet på avdeling. Oppfølging av einskildbarn vert grundigare. Det blir lettare å ta barn ut av avdeling for å gjennomføra evt. kartleggingar. Plantida kan også nyttast til observasjon av barn.

Tilbakemeldingane tyder på at den organisering av plantida som me no har, fører til:

gode avdelingsplanar

godt førebudde aktivitetar

gode møteinnkallingar

pedagogen er på avdeling heile dagar dei dagane ho ikkje har plantid

tett og godt samarbeid mellom styrar og pedagogiske leiarar

I forsøksstida galdt ordninga med 6 timars plantid alle pedagogar i barnehagen, også pedagogar som ikkje er pedagogiske leiarar. Styrarane gjev uttrykk for at det kan vera nødvendig og rett å skilja mellom desse to kategoriane pedagogar. Pedagogiske leiarar har bruk for meir planleggingstid enn barnehagelærar i avdeling. Det kan difor vera grunn til å gje pedagogiske leiarar meir plantid enn barnehagelærar i avdeling.

Økonomi:

6 timars plantid for 9 pedagogiske leiar utgjer 54 timar pr. veke, tilsvarande 1,44 stilling. Kostnaden er om lag kr 700000 pr. år. Dersom barnehagelærarar i avdeling også skal ha like mykje plantid, vil kostnaden verta om lag kr 240000 høgare. Ved å redusera plantida for barnehagelærar frå 6 til 4 timar pr. veke, sparar me om lag kr 240000 årleg samanlikna med slik ordninga er i dag. Dersom me går tilbake til at også pedagogiske leiarar skal ha berre 4 timar planlegging pr. veke, noko som er minikum i særavtalen, vil det utgjera nokså nøyaktig 1 stilling og kosta nett i underkant av 500000 pr. år. Skilnaden mellom dei to mest aktuelle løysingane er altså på kr 200000.

Vurdering/ Konklusjon

På bakgrunn av dei gode erfaringane barnehagane har gjort, held ordninga med 6 timars plantid for pedagogiske leiarar fram som ei permanent ordning. Barnehagelærar i avdeling får 4 timar planlegging kvar veke.